



Sunnfjord
kommune



Bruk av 100 mill. potten Førdepakken

Tilråding av prioritering

Førde 27.02.2020

Innhold

Utfyllende notat 100 mill. potten Førdepakken	1
Tilråding av prioritering	1
Førdepakken, vurdering av tiltak til 100 millionars potten	3
Forslaga	4
Prioritering av forslaga	5
Upprioriterte forslag:	7
Forslag T: Flytte gangfelt i Liavegen i nærleiken av krysset med E39 mm	7
Gjennomgang av alle føreslegne tiltak:	8
A: rv.5 Gang/sykelbru vestsida ved Storehagen bru	8
B: Nye vegløyningar på Ytre Øyrane	8
C. Fv.600 nytt kryss til Vievegen ved Viabrua	9
D. Parkeringshus eller kjellar	9
E. Fv. 601 gang- og sykkelbru frå Førdehuset til Hafstadparken	10
F. Gang og sykkelbru til Halbrendøyra og sti langs Jølstra	10
G. Fv. 601 innløyning bensinstasjon i Storehagen	11
H. Utanfor rådhus	11
I. Fv. 5684 Fortau langs Tefrevegen	12
J. Gang- sykkelveg frå Hafstadparken til Hafstad vgs. langs Jølstra	12
K. Fortau Kyrkjevegen frå Hornnesvegen til Langebruvegen	13
L. Øyrane vgs til Firda billag (tiltak 16 FP) gang- og sykkelløysing over kulverten	13
M. E39 gang- og sykkelveg Halbrend - Slåttebakkane	14
N. Hundvebakkegelet - sikring av syklande og gåande fram til Kyrkjevegen	14
O. Gang- og sykkelveg frå Høgskulen til Angedalsvegen langs sørsida av Anga med bru over	15
P. Torg nord og sør for bru Naustøyna - ekstra tilrettelegging	15
Q. Mindre tiltak og møblering i Førde sentrum	16
R. Rv.5 Naustdalsvegen - Storehagen bru til Klettatunnelen, oppgradering til sykkelveg med fortau, austsida ..	16
S. Rv. 5 gang- og sykkelløysing frå Storehagen bru til rundkj. Øyrane vgs, vestsida	17
T. Flytte gangfelt i Liavegen i nærleiken av krysset med E39 mm	17
Tiltaka i Førdepakken	18

Førdepakken, vurdering av tiltak til 100 millionars potten

Det er sett av ein pott som var 100 mill 2015kr til uspesifiserte sentrumstiltak. Det er heimla i proposisjon 137 S til Stortinget (behandling av Førdepakken) og der står det: *Det er sett av 100 mill. kr til uspesifiserte sentrumstiltak. Det er lagt opp til at midlane blir nytta til gang- og sykkelveggar og mindre utbetringar.* Det er dette som er føringane for kva midlane kan brukast til. Frå tidlegare er det ei forståing av at det kan brukast til tiltak som fremmar framkomst for gåande, syklande og utforming av byrom. Det har også vore vurdert om parkeringsløysingar kan vere ein del av dette. Det er no ei liste med over 20 tiltak som kan vere aktuelle å bygge for denne potten. Totalbehovet er langt over 100 millionar og det må derfor lagast ei prioritering av tiltaka.

Forslaga som er med i denne rapporten har kome fram i prosessen med Førdepakken og ulike innspel. Den samla summen på alle ønska forslag er mange gangar større enn tilgjengelege midlar.

I rapporten vert forslaga presentert og vurdert kvar for seg. Alle forslaga har blitt nummerert med bokstav.

Alle forslaga har blitt vurdert slik at det er laga forslag til ei prioriteringsliste. Kriterier som står lista opp i Stortingsmeldinga er lagt til grunn for totalvurderinga av tiltaka; *uspesifiserte sentrumstiltak, gang- og sykkelveggar og mindre utbetringar.* Sentrumstiltak med opparbeiding av plassar, møblering med benkar og tilrettelegging for alle og tilskot til parkeringshus. Strekingar der det manglar fortau eller gang – sykkelveg som døme er Kyrkjevegen forbi Førde kyrkje og til Langebruvegen er prioritert.

Kostnadene er berre lagt inn på dei forslaga som er prioriterte. Forslaga som ligg her er ikkje detaljplanlagt og det er derfor vanskeleg å få gode kostnader. På grunn av usikkerheita med grunnlaget, manglande plan og detaljprosjektering, er det gitt opp eit kostnadsintervall.


Når prioriteringslista med forslaga er på plass vert prosjekta frå toppen og nedover lista bygd ut so langt det er mogleg. Dei lågast prioriterte prosjekta vil mest sannsynleg ikkje bli gjennomført. Nokre av tiltaka bør finansierast på annan måte enn med desse midlane. Mindre tiltak kan til dømes spelast inn for trafikktryggingmidlar (fylkeskommunen), mens dei store tiltak må spelast inn til nasjonal transportplan NTP eller regional transportplan RTP. Det finns også andre tilskotordningar so vi kan vere moglege å få midlar ifrå.

Ved første presentasjon formannskapet kom det eit ønske om at denne rapporten skulle vere på høyring slik at publikum kan spele inn forslag. Rapporten vert lagt ut til offentleg høyring i 4 veker slik at alle kan kome med forslag. Råd for eldre, råd for menneske med nedsett funksjonsevne og ungdomsrådet får denne rapporten til uttale. Elles vert det berre annonser i Firda og gjort kjend på www.sunnfjord.kommune.no og Facebook at det mogleg å kome med forslag.

Sakagangen vert slik at Sunnfjord kommune; formannskap og kommunestyre handsamar rapporten og gir råd til Førdepakken. Styringsgruppa i Førdepakken avgjer korleis den prioriterte rekkefølga skal vere.

Framdrift	
12. mars	Formannskap, vedtak om offentleg høyring
17. mars	Orientering til dei ulike råda
17. mars – 15. april	Offentleg høyring
11. juni	Handsaming formannskapet
18. juni	Handsaming kommunestyret
Juni	Handsaming og vedtak i styringsgruppa Førdepakken

Forslaga



Prioriterte forslag		
Prioritering	Forslag	Namn på forslag
1	B	Nye vegløyningar på Ytre Øyrane
2	J	Gang- sykkelveg frå Hafstadparken til Hafstad vgs. langs Jølstra
3	K	Fortau Kyrkjevegen frå Hornnesvegen til Langebruvegen
4	Q	Mindre tiltak og møblering i Førde sentrum
5	P	Torg nord og sør for bru Naustøyna - ekstra tilrettelegging
6	I	Fv. 5684 Fortau langs Tefrevegen
7	D	Parkeringshus/-kjellar
8	L	Øyrane vgs til Firda billag (tiltak 16 FP) gang- og sykkelløysing over kulverten
9	R	Rv.5 Naustdalsvegen - Storehagen bru til Klettatunnelen, oppgradering til sykkelveg med fortau, austsida
10	A	Rv.5 Gang/sykelbru vestsida ved Storehagen bru
11	S	Rv. 5 gang- og sykkelløysing frå Storehagen bru til rundkj. Øyrane vgs, vestsida
12	E	Fv. 601 gang- og sykkelbru frå Førdehuset til Hafstadparken
13	C	Fv.600 nytt kryss til Vievegen ved Viabrua
Uprioriterte forslag		
	F	Gang og sykkelbru til Halbrendøyra og sti langs Jølstra
	G	Fv. 601 innløyning bensinstasjon i Storehagen
	H	Utanfor rådhus
	M	E39 gang- og sykkelveg Halbrend - Slåttebakkane
	N	Hundvebakkegeilet - sikring av syklande og gåande fram til Kyrkjevegen
	O	Gang- og sykkelveg frå Høgskulen til Angedalsvegen langs sørsida av Anga med bru over.
	T	Flytte gangfelt i Liavegen i nærleiken av krysset med E39 mm

Prioritering av forslaga

- Forslag B: Nye vegløyningar på Ytre Øyrane, fortau.** vil gjere gåing og sykling meir attraktivt i det området. Det vil binde saman gang- og sykkelvegnettet på Halbrendøyra, gang- og sykkelveg langs rv.5; Naustdalsvegen og på Indre Øyrane. Separat løysing for gåande og syklande er trafikksikringsforslag.

Det er store endringar som er på trappene her og tilrettelegginga er til nytte for mange. Fortauet kan etablerast raskt og det er i økonomisk samhandling med utbyggarane i området. Eit tilskot på kr. 5 mill. kan vere eitt godt bidrag. Forslaget har høgast prioritet for det legg til rette for auka gåing og sykling i ein ny bydel av Førde som er i utvikling. Forslaget er regulert i områderegulering Ytre Øyrane.
- Forslag L: Gang- sykkeltilbod frå Hafstadparken til Hafstad vgs. langs Jølstra** I dag er det berre ein sti og ikkje noko opparbeidd løysing med fast dekke. Det er ein strekning som kan binde saman skulen (og framtidig funksjon i skulebygget) og Hafstadparken. Stien er allereie trakka opp og vert nytta. Denne lenka vil gjere strekninga til Førde sentrum sør kortare for dei som kjem på gang- og sykkelveg langs Jølstra (forslag 10 og 11 FP) frå Vieområdet.. Eit forslag som er rimeleg og greitt å etablere. Det er reguleringsplan for delar av området, men det bør lagast ny reguleringsplan for å få gode tilknytningar i begge ender. Mykje av traseen går på grunn som er eig av fylkeskommunen og kommunen. Det vert derfor prioritert framfor fortau i Kyrkjevegen og fortau i Tefrevegen, to forslag som har nesten same behov som denne.
- Forslag K: Fortau i Kyrkjevegen frå Hornnesvegen til Langebruvegen** Forslag 18 i FP er fortau i Kyrkjevegen frå Angedalsvegen og til Hornnes. Ved etablering av begge parsellane vil det gje eit samanhengande fortau i heile Kyrkjevegen. Det er mange omsorgsbustader, institusjonar og skuler i området. Desse brukargruppene er det viktig at får klart definerte områder kor dei skal gå slik at det vert god trafikktrygging. Fortau i Kyrkjevegen og gang- og sykkelveg ved Hafstad vgs er prioritert framfor Tefrevegen for dei knyter seg opp mot anna vegnett i sentrum og er vurdert til at det vil dekke eit større behov.
- Forslag Q: Mindre tiltak i sentrum; møblering mm.** Benkar er viktig for dei mange som går og kanskje ikkje klarer å gå so lange etappe før dei må ha pause. Forslaget har høgt prioritert for det er viktige mindre tiltak som folk flest har nytte av og det vil fremme gåing og bruken av byen. Det er også eit godt tiltak for universell utforming og framkomst. Her er det snakk om mindre beløp som skal brukast, men viktige detaljer for ein god bruk av byen. Forslag kr. 3-5 mill.
- Forslag P: Torg nord og sør for bru ved Naustøyna - tilrettelegging** Ved Naustøyna kjem ny gang- og sykkelbru og på begge sider ligg det til rette for ein byplass for opphald. Det bør prioriterast som eit *uspesifisert sentrumsforslag*. Det vil fremme gåing, gjere bruken av brua meir attraktiv og fremme bruken av byen. Forslaget på Nordsida bør prioriterast viss det ikkje er midlar til begge to.
- Forslag I: Fortau langs Tefrevegen** vil gjere skulevegen betre for elevar som skal krysse Anga på brua ved Runnen. Denne vegen er tilrådd framfor å krysse Angedalsvegen ved Prestefoss bru og gå langs Angedalsvegen til Slåtten skule. Eit godt forslag for dei buande i området og skuleelevar frå eit større område. No er det etablert eit lita strekning med fortau frå krysset med Runnen og til kryssingspunkt ved gangveg til Slåtten skule. Dette er eitt trafikktryggingstiltak. Tilrettelegging med fortau i Tefrevegen vil føre til auka gåing i området. Kyrkjevegen og Hafstad er prioritert framfor denne for dei knyter seg opp mot anna vegnett i sentrum og er vurdert til å ha litt større behov. Tefrevegen er fylkesveg.
- Forslag D: Parkeringshus/-kjellar** Det er fleire parkeringshus som må kunne vurderast som uspesifisert sentrumstiltak . Ingen av dei har kome so langt i planlegginga at det er laga reguleringsplan. Parkeringsordning er eit viktig element for å få sentrum til å fungere betre. Parkeringshus kan vere ein del av dette. Førdepakken vil ikkje bygge p-hus, men prosjektet kan gje tilskot slik at det vert bygd. Når det gjeld erstatning til grunneigarar for tap av p-plassar er det ei sak mellom prosjektet og grunneigar. For dei grunneigarane som missar p-plassar og med det ikkje får tilstrekkeleg parkeringsdekning, kan få krav om frikjøp av plassar. Førde kommune kan bruke parkeringsfondet til å bygge parkeringshus eller gje det som tilskot i ei utbygging. Her vert det føreslege å gje tilskot til etablering av parkeringshus. Det vert ikkje teke stilling til kva for eit p-hus som skal få det. Det vert føreslege at det kan Førdepakken handsame når ein ser korleis framgangen med etableringa går. Forslag om kr. 10 mill i tilskot.
- Forslag L: Øyrane vgs til Firda billag(forslag 16 FP), gang- og sykkelløysing over kulverten.** Veg over kulverten til gang- og sykkelveg er eit godt forslag. Bygginga av gang- og sykkelvegen kan løysast med

utbyggingsavtaler med dei som skal etablere seg på Indre Øyrane. Då kan bidraget frå Førdepakken vere eit tilskot til denne løysinga.

9. **Forslag R: Rv. 5 Naustdalsvegen - Storehagen bru til Klettatunnelen, oppgradering til sykkelveg med fortau, austsida.** Ny gang- og sykkelbru/utviding av eksisterande pluss ombygging av gang- og sykkelveg til sykkelveg og fortau. Dette er del av hovudruta for sykkel i Førde. På gang- og sykkelveg frå Storhagen bru og til Løken (langs heile Handelshuset) er det stor trafikk av gåande og syklande. Det er trafikkantgrupper som er i konflikt med kvarandre og dei bør ha kvar sine areal. Skal vi få folk til å bruke sykkel, må dei få god framkomst. Sykkel kan konkurrere med bil når det gjeld tidsbruk på kortare strekningar. Dersom det vert gang- og sykkelveg bru nedstraums Storehagen bru, vil gang- og sykkeltrafikken bli meir fordelt. Bruløysinga ved Naustøyna (tiltak 8 i FB) vil også påverke gang- og sykkeltrafikken her. Det er etablert løysing for gåande og syklande og forslaget vert derfor ikkje prioritert høgare. Det er også behov for eit høgresvingefelt (avkøyringsfil) for dei som skal inn i fv. 601 Storehagen. Det vil gjere trafikkflyten betre i området. Desse tiltaka er so store at dei bør inn i NTP (nasjonal transportplan). Høgresvingefelt kan også lagast som eige punkt i denne prioriteringslista. Det er eit viltig utbetringstiltak for betre trafikkflyt og for etableringar i sentrum.
10. **Forslag A: Rv.5, Gang- og sykkelbru vestsida ved Storehagenbru** må ein sjå i samanheng med gang- og sykkelveg lengre nordover langs rv.5 evt. langs Jølstra. Denne løysinga vil vere til nytte for mange og gjere det kortare å gå og sykle mellom området ved Førde torg/Handelshusområdet og Ytre Hafstad/Halbrendområdet. Løysinga vil også ha stor grad av trafikktrygging for mange slepp då å krysse rv.5 ved rundkøyringa. Rv.5 har høg trafikk med ÅDT ca 10 000 her. For å få ei god løysing er det også nødvendig med ei gang- sykkelløysing nordover langs rv. 5 og Elvetorget. Denne løysinga bør vere med i vurderingane til Nasjonal transportplan (NTP) sitt handlingsprogram (hp).
11. **Forslag S:Rv.5 Gang- og sykkelløysing frå Storehagenbru til rundkj. Øyrane vgs, vestsida.** Dette er ei god løysing som vil gjere det meir attraktivt å gå og sykle. Denne løysinga kan knytter seg saman med gang- og sykkelveg ved Løken Handelshus nord. Det er godt forslag, men det vert ikkje prioritert so høgt på grunn av samhörighet med gang- og sykkelbrua (prioritering 10). Prioritet 9, 10 og 11 bør inn i NTP – hp.
12. **Forslag E: Fv. 601 gang- og sykkelbru frå Førdehuset og til Hafstadparken** Separat gang- og sykkelveg-bru ved Førdehuset og direkte til Hafstadparken er det eit stort ønskje om. Er fordelaktig for brukarar av Førdehuset- Hafstadparken og dei som kjem på gang- og sykkelveg frå Viabrua (tiltak 10/11i FP) og skal vidare til målpunkt mellom Førdehuset og Naustdalsvegen (tiltak16 i FP). Det er planlagt køyrebru med fortau og sykkelveg 170 meter lengre sør. Separat gang- og sykkelbru er komplisert å gjennomføre og vil føre til større utfyllingar i området for å kome høgare med bru og veg over flaummål til 200 års flaum. For dei som skal frå Hafstadparken og Førdehuset vil det vere ca 230m kortare med ei separat bruløysing for gåande og syklande enn å bruke løysinga på køyrebrua. I vanleg gå tempo (5 km/timen) vil det sei litt under 3 minutt innspara tid, med sykling er tidsforskjellen mindre. Ønskje er tydeleg , men det er mange andre stader som ikkje har trygge gang- og sykkelveg løysingar i nærleiken. Til dømes er det ikkje separate løysingar for gåande i Kyrkjevegen som også er skuleveg, ei heller i Tefrevegen. Sidan det er planlagt ei god løysing for gåande og syklande på ny køyrebru, vert denne ikkje prioritert høgare.
13. **Forslag C: Fv. 600 Nytt kryss til Vievegen ved Viabrua.** Dette forslaget er eit utbetringforslag. Krysset er ikkje kanalisert og trafikken på fv. 600 er høg med ÅDT 6900 køyretøy i 2018. Trafikken på Vievegen (kommunevegen) må i rushtida stå og vente noko for å kome fram. På fv. er det ei kombinert passerings- og busslomme. Det er eit gangfelt som er mykje nytta. Når ny gang- og sykkelveg langs fv. 600 vert etablert, vert kryssingane her litt færre. Likefult er det stor trafikk på fv og den gjer at det ikkje er so lett å kome ut frå Vievegen. Forslaget ikkje priortert høgare for det er eit stykke frå sentrum. Det kan ha ein effekt for å få fleire til å gå og sykle ved at dei kjem raskare fram enn dei som køyrer og må stå i kø. Det er eit utbetringforslag.

Upprioriterte forslag:

Forslag G: Innløsning bensinstasjon i Storehagen Innløsning av bensinpumpene m/ overbygg i Storehagen må vere ein del av forslag 9 i FP.

Forslag H: Utanfor rådhus Betre tilrettelegging og møblering framfor Rådhuset vil vere positivt for gåing, men det er ikkje manglande lenke el trafikktrygging-forslag. Her er det mogleg å gjere noko med tilrettelegginga i samband med forslag 14 i FP; Hafstadvegen og Fjellvegen.

Forslag N: Hundvebakkegjelet - sikring av syklende og gåande fram til Kyrkjevegen For Hundvebakkegjelet er det spørsmål om separering av gåande og syklende. Det er godt for trafikktrygging, men her er det allereie eit tilbod til gåande og syklende delvis bilfritt. Dersom området blir sikra med gjerde som hindrar utforkøyning er det som bør prioriterast. Eit godt og rimelege forslag som verkar positivt for sykling og gåing som bør finansierast med trafikktryggingssmidlar.

Forslag F: Gang- sykkelbru til Halbrendøyra og sti langs Jølstra Gang- og sykkelveg bru frå Bohus og til Halbrendøyra i forlenging av gang- og sykkelveg på sørsida av Løken (forslag 16 i FP). Forslag er føreslege dersom brua frå Ytre Øyrane og til Halbrendøyra ikkje vert realisert el redusert. Dette kan gi god effekt for dei som kjem frå Steinen /Kvernberget og skal inn til Førde sentrum nord. Denne løysinga er ikkje heilt umiddelbar sidan gåande og syklende må gjennom eit næringsområde før dei kjem til hi sida og gang- og sykkelveg-nettet der. Derfor vert denne løysinga prioritert her.

Forslag M: E39 gang- og sykkelveg Halbrend - Slåttebakkane Gang- og sykkelveg langs E39 frå Liavegen og til Slåttebakkane er ei utfordrande sak. Det er stor stigning på vegen og bratt sideterreng. Ei tilrettelegging her er vanskeleg både når det gjeld forhold som stigning og inngrep i sideterrengen. Det vil også vere kostbart. Når ny E39 kjem vil det bli so mykje mindre trafikk at det kan vere akseptabelt med blanda trafikk i vegen.

Forslag O: Gang og sykkelveg frå Høgskulen til Angedalsvegen langs sørsida av Anga med bru over. Ei separat løysing frå Sentralsjukehuset / HVL og over Anga til Angedalsvegen er vurdert. Det er ei løysing fleire har ytra ønskje om, men når Angedalsvegen vert opparbeidd vil det vere ei god løysing for mange som kunne brukt denne løysinga. Avstanden mellom dette anlegget og Angedalsvegen er ikkje lengre enn at den er akseptabel. Derfor har denne løysinga so låg prioritet.

Forslag T: Flytte gangfelt i Liavegen i nærleiken av krysset med E39 mm

Forslag 23 bør også vurderast med Fylkeskommunale trafikktryggingssmidlar. Dette kan vere eit forslag som også kan «puttast innimellom» om det skulle oppstå ledig kapasitet eller midlar. Før noko blir gjort her, bør det lagast ei trafikktrygleiksvurdering i Liavegen frå krysset med E39 og til og med krysset til Halbrend skule og - barnehage.


Gjennomgang av alle foreslegne tiltak:

A: rv.5 Gang/sykelbru vestsida ved Storehagen bru

- Etablere separat gang og sykkelbru frå E39 og over Jølstra i retning Naustdalsvegen
- Forprosjekt er utarbeidd av States vegvesen, 5 alternative løysingar.
- Kostnad: 36 - 118 mill. jf. anslag i forprosjektet

Gang- og sykkelbru ved Storehagen bru må ein sjå i samanheng med gang- og sykkelløysing lengre nordover på vestsida av rv.5. Denne løysinga vil vere til nytte for mange og gjere det kortare å gå og sykle mellom området ved Førde torg/ Handelshusområdet og Ytre Hafstad/Halbrend området. Løysinga vil også ha stor grad av trafikktrygging for mange slepp då å krysse rv.5 ved rundkøyringa. Rv.5 har høg trafikk med ÅDT ca 10 000 her. Einskilde går også i vegkanten på vestsida av Storehagen bru og med denne etableringa vert det ikkje lengre aktuelt. Ei av utfordringane her er at ein ikkje treffer på ei etablert gang- og sykkelløysing, og derfor må ein sjåast dette i samanheng med ei gang- og sykkelløysing der.

Vi kjenner til at tiltaket er svært kostbart jf. forprosjektet, og det bør spelast inn til Nasjonal transportplan og handlingsprogrammet.



B: Nye vegløysingar på Ytre Øyrane

- Etablere fortau og sykkelløysingar på Yre Øyrane
- Reguleringsplan er vedteke i sak BY065/18
- Kostnad: 5 mill i tilskot

Det er store endringar som er på trappene på Ytre Øyrane. Nye vegløysingar på Ytre Øyrane vil gjere gåing og sykling meir attraktivt. Nye løysingar her vil gje ein god samanheng med gang- og sykkelvegnettet langs rv.5; Naustdalsvegen og over til Indre Øyrane. Separat løysing for gåande og syklande er trafiksikringstiltak.

Dette tiltaket kan etablerast raskt og det er i økonomisk samhandling med utbyggerane i området. I områderegulering for Ytre Øyrane er det regulert til fortau og sykkelfelt langs vegen Øyrane. På Fjærevegen og Flovegen er det regulert fortau, men ikkje løysing for syklande. Det er ikkje etablerte nokon i dag. Det krev detaljplanlegging før det kan realiserast, men ikkje regulering.



C. Fv.600 nytt kryss til Vievegen ved Viabrua

- Utbetre krysset mellom fv. 600 og Vievegen. Legge betre til rette med kryssingspunkt og separering av passeringslomme og busslomme
- Krev regulering
- Kostnad mellom 11,8 og 27,4 mill kr

Dette krysset har stor trafikk (strekninga frå Kronborg kryss Vievegen ÅDT 6900, og frå kryss Vievegen til Prestefoss bru ÅDT 4600) Det er mange kryssingar med gåande og syklande i gangfeltet. Trafikkbildet er utfordrande med busslomme i krysset som også fungerer som passeringslomme, gangfelt og mykje trafikk spesielt i rushtida på ettermiddagen. Det er planar for meir bustadbygging i området og det vil bli tilkomst via dette krysset. Til tider er det kø på kommunevegen for å kome ut på fv. 600. Andelen av gåande og syklande vil også auke. For å trygge dei er det bra med separat kryssingspunkt. Elles er det separat løying via Gamle Vieveg fram til Vie senter. Moglege tiltak kan vere å separere passeringslomme og busslomme. Vurdere venstresvingefelt og evt høgresvingefelt på Vievegen (kanalisert kryss). Undergang for gåande og syklande. Eit anna alternativ er rundkøyring i staden for kanalisert kryss.



D. Parkeringshus eller kjellar

- Tiltak: Ulike alternativ for parkeringshus. 1) Hafstadvegen vest 2) Fjellvegen, kommunal eigedom med avkøyring under E39. 3) Parkeringshus på Festplassen eller 4 fjellhall sør for Fjellvegen (Hafstadvegen vest) evt. andre plassar.
- Krev regulering.
- Tilskot 10 mill

Det vert arbeidd med idear kring parkeringshus fleire stader i Førde. Det er utgreidd og funne at sør for Fjellvegen kan ein truleg ikkje få tilkomst til eit slikt anlegg med avkøyrsløse frå E39, men det må gå gjennom kryss og i ein kulvert under E39.

Kommunen arbeidar med ei ordning for parkering. Det vil mellom anna sei at det ikkje kan vere so mykje langtidsparkering (dagparkering) på stader kor det er eit stort behov for kortidsplassar til kunder.

Behovet er stort og kanskje spesielt for langtidsparkeringsplassar (arbeidsparkering). Dette tiltaket bør kome som ein konsekvens av tap av parkeringsplassar på grunn av ombygging av Hafstadvegen. Der vert det tilrettelegging betre for gåande og syklande enn slik det er i dag. Parkeringshus vil ikkje auke framkomsten verken for køyrande eller gåande/syklende, men vere eit tiltak som strukturerer køyringa og gir betre ramme for ei god sentrumsutvikling.

Etablering av parkeringshus kan gjerast som eit privat og offentleg samarbeid det tilskot frå denne potten kan vere litt av finansieringa.

E. Fv. 601 gang- og sykkelbru frå Førdehuset til Hafstadparken

- Bygge ei separat gang – og sykkelbru over Jølstra frå Førdehuset og til Hafstadparken
- Krev regulering som vert gjort i planen for bru frå Hafstadparken og til Angedalsvegen.
- 40 - 60 mill

Det vil vere ei god løysing for dei som kjem frå Vieområdet og skal til Førdehuset el mot sentrum. Med den nye køyrebrua frå Hafstad bydel til Angedalsvegen er strekninga berre litt lengre enn med denne separate gang- og sykkelbrua. Brua vil binde saman Førdehuset og Hafstadparken slik at det vert meir som ei samla «eining». Det er ein del utfordringar med bru her pga. kryssing av Jølstra og laksefiskeinteressene. Det er behov for å ha ei viss høgde på gangbrua over Jølstra pga flau, og det er ein del meir enn høgda som skal vere på Angedalsvegen. Utfordringa er å få brua ned i til rett nivå og med akseptabel stigning på rampa.



Køyrebrua med sykkelveg og fortau som skal etablerast frå Hafstadparken og til Angedalsvegen ligg ikkje langt frå denne brukryssinga. Den vil dekke behovet for gang- og sykkelframkomst mellom desse to stadene.

F. Gang og sykkelbru til Halbrendøyra og sti langs Jølstra

- Separat gang- og sykkelbru frå området ved Førde torg og til Halbrendøyra
- Krev regulering

Det er sett på ei løysing med gang- og sykkelbru frå Løken ved Bohus og over til Halbrendøyra. I tillegg er det ønskje om å etablere regulert sti langs Jølstra. Dette vil vere som ei forlenging av etablert gang-/sykkelveg på sørsida av Løken og Indre Øyrane. Det vil vere behov for tilrettelegging av sykkelveg med fortau på begge sider av Jølstra for å slutte seg til eksisterande nett. Dette kan vere eit kompensierende tiltak dersom ikkje tiltak 20, brua frå Ytre Øyrane og til Halbrendøyra vert etablert. Veldig godt samband i forlenginga av tiltak 16. Tilrettelegging av regulert sti langs Jølstra på aust- og nordsida av der Løken begynner ved elva. Det kan vere litt utfordrande sidan anlegget endar i eit næringsområde på Halbrendøyra.



G. Fv. 601 innløyising bensinstasjon i Storehagen

- Løyse inn bensinpumpene på Beststasjonen når vegen Storehagen ver etablert med sykkelveg og fortau
- Regulerast som del av tiltak 9


Dette er ein del av tilrettelegging av fv. 601 Storehagen; tiltak 9 i Førdepakken. I grunnlaget for Førdepakken er denne etableringa lagt inn med for små midlar i forhold til nyare anslag. Her er det nødvendig å innløyse noko av arealet der drivstoffpumpene står og takeoverbygget

Ved etablering av fortau er det behov for meir av sidearealet enn slik det er i dag. Bensinstasjonen har knapt med areal og må ha 2 avkøyrslar til Storehagen for å kunne fungere. I dag er området litt uoversiktleg og vanskeleg for gåande å passere. Med ei opparbeiding av fortau som på naboeigedommane, får vi ei god løysing for dei gåande.

H. Utanfor rådhus

- Oppgradering av plassen framføre rådhuset utover det som er med i tiltak 14 i FP
- Krev truleg ikkje regulering. Eventuelt del av tiltak 14
- Tilskot på 5 mill

Det er behov for møblering og litt meir tilrettelegging på Rådhusplassen. Det bør vere fleksible løysingar slik at plassen kan få ein allsidig bruk ved små grep. Til dømes må det vere mogleg med konsertar og andre arrangement. Gang og sykkeltraseen må alltid vere open for ålmenn bruk utan sperrer el stengslar. Det bør vere ein del av tiltak 14 i Førdepakken.



I. Fv. 5684 Fortau langs Tefrevegen

- Bygge fortau og justere køyrevegen .
- Krev regulering
- Kostnad mellom 24,6 og 57,4 mill. kr

Det er mange gåande og syklande på denne strekninga. Skuleelevar skal bruke denne vegen og krysse Anga i gangvegbrua mellom Runnaleite og Slåttebøen. Tefrevegen er svingete og opplevast humpete (dårleg horisontal og vertikal kurvatur). Det må undersøkast om det er mogleg å planlegge eit fortau langs eksisterande veg eller om vegen bør delvis byggast om. Dette vil vere positivt for dei som går at det vert ei separat løysing. Dette er skuleveg og elevane som bur rundt Vie senter vert tilrådd å gå her og ikkje over Prestefoss bru. Ved denne tilrettelegginga bind ein i hop eksisterande fortau og gang- og sykkelveg i området.



J. Gang- sykkelveg frå Hafstadparken til Hafstad vgs. langs Jølstra

- Etablere gang/sykkelveg for å binde saman Hafstadparken og Sentrum sør
- Krev regulering
- Mellom 7,2 og 16,7 mill kr

Det er ein sti som kan byggast om til ein gang og sykkelveg med same standard som frå Hafstadparken til Viabrua. Dette vil vere positivt for skulen og framtidige funksjonar der, å knyte Hafstadparken nærmare med ei slik løysing. Det vil også vere positivt for dei som går/syklar frå sentrum sør el. Festplassen og opp til Viabrua langs Jølstra (tiltak 10/11 i FP). Forholda ligg godt til rette, men nærleiken til Jølstra og kryssing av kanalen frå Hafstad kan gje litt utfordringar. Det er også eit kulturminne landabrygga som må takast omsyn til og kanskje vitaliserast ☺ Tiltaket vil fremme gåing og sykling i området. Det vil gjere gang- og sykkelveg langs Jølstra endå meir attraktiv for dei som skal frå Sentrum sør og til Vie området. Det er etablert ein sti omlag der vi ser føre oss ein gang- og sykkelveg. Det viser at denne strekninga er det behov for å etablere betre forhold for gåande og syklande.



K. Fortau Kyrkjevegen frå Hornnesvegen til Langebruvegen

- Etablere fortau forbi Førde kyrkje og gjennom hagebyen og ned til Langebruvegen ved Coop mega.
- Tiltaket krev detaljreguleringsplan.
- Kostnad mellom 22,3 og 51,9 mill.kr

På strekninga frå Hornnesvegen og til Coop mega er det ikkje fortau eller noko som skil trafikantgruppene. Det er trengt mellom kyrkjegardsmuren og Fougnerhola og liten plass til både køyretøy og mjuke trafikantar. Vidare nedover i vegløpet er hagebyen i Førde og også her er vegen smal. Det er mange omsorgsbustader i området og Førde barneskule som og er ein viktig aktør. Denne strekninga er også tilkomsten til desse bustadområda; Korsavegen, Falkenstein og Toene.

Her må det vurderast korleis det kan lagast ei god løysing for gåande og syklende forbi kyrkja, barneskulen og vidare nedover til Langebruvegen. Kan det vere ei løysing å einvegsregulere køyrevegen forbi kyrkja eller bør vegen stengast der for gjennomkøyring? Ei framføring av eit fortau skal skje på ein varsam og god måte sidan dette er eit sær viktig kulturhistorisk område. Det må undersøkast om det kan

skje at det vert lagt til på den eine sida av vegen, eller om heile vegen bør takast att. I kostnadsvurderinga er det føresett at det ikkje skal fyllast ut elle byggast noko mot/i Fougnerhola.

Tiltaket vil vere godt for framkomsten for dei gåande i tillegg til å gje betre trafikktrygging. Strekninga vert nytta som skuleveg til Førde barneskule i tillegg til at det er mange omsorgsbustader og institusjonar der. Det gjer det endå meir aktuelt å ha separate løysingar spesielt for gåande. Denne vegen er også aktuell ved større arrangement i Førde kyrkje. Det er lite p-plassar ved kyrkja og det er behov for å bruke andre plassar slik at folk må gå dit. Då vert det endå viktigare med ei god løysing for gåande her. Planen må finne ei god løysing for alle trafikantgruppene.

Denne parsellen bind seg saman med nytt fortau som går frå Hornnesvegen og til Angedalsvegen. Det vert ein heilskap og eit nett av gang – og sykkelløysingar. Gang- og sykkelløysinga frå Førdehuset og til rv. 5 nord for Handelshuset, kryssar Kyrkjevegen like ved Førde barneskule.



L. Øyrane vgs til Firda billag (tiltak 16 FP) gang- og sykkelløysing over kulverten

- Bygge ny gang- og sykkelveg frå Førde vgs og til Firda billag
- Det er gjeldane reguleringsplan der denne tng- og sykkelvegen er med
- Kostnad mellom 2,7 og 6,3 mill.kr

Gang- og sykkelveg-tiltak over kulverten mellom Førde vgs og Firda Billag. Dette vil vere eit godt tiltak for å gje kort gangstrekning frå skulen og til bussterminalen. Bygginga av gang- og sykkelvegen kan løysast med utbyggingsavtaler med dei som skal etablere seg på Indre Øyrane. Då kan bidraget frå Førdepakken vere eit tilskot til denne løysinga.

Ved bruk av Firda billag som busstopp for elvar på Førde vgs vil vi redusere behovet for å bruke areal til kollektiv på Indre Øyrane. Det vil også vere eit folkehelsefremjande tiltak når elevane må gå litt for å kome på bussen. Avstanden er akseptabel gåavstand ca 350 meter.



M. E39 gang- og sykkelveg Halbrend - Slåtdebakkane

- Bygge gang og sykkelveg langs E39 frå Slåtdebakkane til Liavegen
- Krev regulering
- Ikkje kostnadsrekna

Det er ikkje separat løysing for gåande og syklande langs E39 frå Liavegen og opp til Slåtdebakkane. Det er ein del utfordringar her med at E39 har stor stigning, det er ei slynge ved Brattebergkvia og det er bratt sideareal langs vegen. Det er også ein del bebyggelse som ligg tett med vegen, spesielt på nedsida (Granlia). Tiltaket vil vere positivt for dei som sykklar frå Slåtdebakkane, mens dei gåande vil truleg velje å gå snarvegane gjennom Granlia eller langs Postveien ned til Halbrend skule og vidare til sentrum. Tiltaket vil vere svært utfordrande og kostbart å etablere. Når E39 kjem i ny trase frå Myra og til Brulandsberget vil trafikken på denne strekninga bli so redusert at dagens løysing er tilstrekkeleg.



N. Hundvebakkegjelet - sikring av syklande og gåande fram til Kyrkjevegen

- Sikring mot utforkøyning til dømes med rekkverk/gjerde
- Kan gjennomførast utan reguleringsplan

Det ligg godt til rette for sykling og gåing til sentrum på «gamlevegen til Florø». Det er lite med sikring langs vegen slik at det er ein risiko for utforkøyning. Terrenget er bratt på begge sider av vegen. Det står stabbesteinar langs kanten mot gjelet. Desse er å sjå på som kulturelement og dei har ingen funksjon i forhold til å hindre utforkøyning med sykkel. Tiltak her er å sette opp gjerde /rekkverk som kan ha ein god funksjon i høve utforkøyning med sykkel. Det kan vere mogleg å finne løysingar i kombinasjon med stabbesteinane.

Der vegen går langs Løken er det også stabbesteinar. Heller ikkje dei vil hindre utforkøyning. Det er mogleg å søke om andre midlar (trafiktryggingmidlar frå Fylkeskommunen) for å realisere dette.



Den nye Klettatunnelen vil vere eit trafiktrygt alternativ til dette. For midlar til dette kan det også søkast om trafiktryggingmidlar

O. Gang- og sykkelveg frå Høgskulen til Angedalsvegen langs sørsida av Anga med bru over.

- Bygge gang sykkelveg og kryssing av Anga med bru.
- Krev regulering
- Ikkje kostnadsrekna

Det er ein god trase for kortare veg mellom Førde sentrum, HVL, Sjukehuset og området rundt. Dette forslaget er med i ein delrapport til Kommunedelplan trafikk Førde vedteke juni 2013, men det er blei ikkje tilrådd.

Denne gang- og sykkelvegen vil vere gunstig i høve sykling til jobb og skule. Her er det snakk om både frå Sjukehusområdet/HVL og til sentrum og vise versa. Det kan vere utfordrande med kryssing av Anga med bru, lysopning (høgde over elva) og mange stader ligg elva tett inntil vegen.



Når Angedalsvegen vert etablert med sykkelveg og fortau vil det vere ei løysng som fleire kan ha nytte av. Då får også alle busette langs Angedalsvegen og for dei som bur i Grovene og i Presteholten eit godt tilbod.

P. Torg nord og sør for bru Naustøyna - ekstra tilrettelegging

- Etablere plassane med beleggingsstein, fontene, sitteplassar mm
- Krev regulering og kan vere del av brua over Naustøyna
- Kostnad mellom 10,8 og 25,2 mill.kr

Det er ønskeleg å etablere ein plass på kvar side av brua over Naustøyna. Det bør vere plassar som tiltrekkjer merksemd og er kjekke stader å vere. Det er utbyggingsplanar på nordsida, Elvekanten. På sørsida må Naustøyna; den grønne tangen, inkludert og vere ein del av plassen. Dersom det ikkje er nok midlar til plassar på begge sidane av Jølstra, bør plassen på nordsida prioriterast. På sørsida ligg Tangen som allereie er litt opparbeid og inviterer til bruk.

Tiltaket vil vere positivt for eit meir levande og myldrande byliv. Dette er spesielt godt for dei gåande. Det er ein del av ein større samanheng i eit nettverk for gåande og naturleg stoppunkt der ein kan ta pause. Her kan ein oppleve kontakt med Jølstra og på fine dagar kan ein nyte sola i lange drag ☺



Ill: Rambøll

Q. Mindre tiltak og møblering i Førde sentrum

- Tiltak : Pott til mindre tiltak ; benkar mm
- 5 mill

Dette er tenkt å vere ein pott som kan brukast til ulike tiltak i Førde sentrum der det ikkje er anna finansiering. Til døme er det behov for oppsetting av benker og kvileplassar for å gjere byen meir attraktiv for ulike grupper. Det er ikkje alle som klarer å gå so langt før dei treng å kvile litt. Det er også behov for meir sykkelparkering for å auke sykkelandelen.

Tilrettelegging med fleire benkar og kvileplassar er viktig for ulike grupper som til dømes eldre, rørslehemma, gåande og folk frå ulike nasjonalitetar; rett og slett folk flest ☺ Det vil gjere at alle får betre mobilitet og kan aktivt ta del i bylivet.



R. Rv.5 Naustdalsvegen - Storehagen bru til Klettatunnelen, oppgradering til sykkelveg med fortau, austsida

- Utviding av brua og oppgradering av eksisterande gang- og sykkelveg til sykkelveg med fortau
- Krev reguleringsplan. Blir delvis regulert i plan for Indre Øyrane.
- Kostnad mellom 111 og 260 mill kr

I området er det separat gang- og sykkelveg, men det er smalt og bør utvidast slik at det vert sykkelveg med fortau. Det er ein del trafikk her og det er behov for separate løysingar slik at dei syklende kan kome seg raskt fram, og for å minke konflikten mellom gåande og syklende. I området frå rundkøyringa ved Storehagen bru (E39 x rv.5) og til nord for Handelshuset er det flest gåande og syklende. Dersom området ikkje kan etablerast samla bør denne strekninga prioriterast først. Det vil gjere det meir attraktivt å sykle og kan konkurrere med bilen når det gjeld tidsbruk på kortare strekningar. Trafikktrygginga vert også betre når desse trafikantgruppene vert skilde og ikkje må bruke same areal.

I krysset med rv.5 X fv. 601; Storehagen, er det behov for eit høgresvingefelt. Det kjem fram av trafikkanalyse og vil vere avgjerande for vidare utbygging i området.

I reguleringsplanen for Indre Øyrane er det lagt inn sykkelveg med fortau langs rv. 5

Delar av strekninga vil bli gjennomført i plan for Indre Øyrane. Det er mogleg med ei etappevis utbygging her og strekninga frå rundkøyringa på E39 og til krysset ved Handelshuset bør prioriterast. Heile veganlegget er so stort at det må takast opp i handlingsprogrammet til NTP (nasjonal transportplan)



S. Rv. 5 gang- og sykkeløysing frå Storehagen bru til rundkj. Øyrane vgs, vestsida

- **Tiltak:** Etablering av samanhengande sykkelveg og fortau e. gang- og sykkelveg frå Storehagen bru og til Ytre Øyrane.
- Krev regulering
- Kostnad mellom 31,1 og 72,5 mill kr.

Idag er det ikkje etablert ei separat løysing for gåande og syklande på vestsida av rv.5; Elvetorgsida. Sykkelveg og fortau på denne strekninga er spesielt aktuelt frå Storehagen bru og til rundkøyringa ved Øyrane Eit alternativ er å lage ei gang og sykkelveg i overgangen mellom parkeringsplassane og friområdet langs Jølstra. Det er utfordrande for Jølstra; elvekanten, vegetasjon, uteopphladsareal og parkeringsplassar må ivaretaast på ein god måte.

For løysing langs rv. 5 er det utfordrande med omsyn til parkeringsarealet som legg tett inntil rv.5.

Etablering av løysing for gåande og syklande her må også sjåast i samanheng med andre løysingar i området. Tenker då spesielt på ei gang- og sykkelveg bru nedstrøms Storehagen bru (forslag A). Dersom den vert realisert er det behov for å føre dei mjuke trafikantane betre fram til ulike mål.




T. Flytte gangfelt i Liavegen i nærleiken av krysset med E39 mm

- Trygg kryssing av Liavegen ved t.d. flytte av gangfelt og etablere fortau, skilting og betre lys
- Kan truleg utførast utan regulering
- Plassering og løysing må vurderast, prosjekterast og gjennomførast

Det er eit gangfelt som ligg tett inn i krysset mellom E39, Liavegen og Holten. Gangfeltet er vanskeleg å sjå når ein kjem frå E39. Det er også etablert ei ein-sidig busslomme i området og ein «kiss and ride» plass som langsgående lomme ved Liavegen. Den er tenkt at den skal nyttast slik at elevane vert sett av der og går vidare til Halbrend skule.

Det bør takast ei trafikktrygging vurdering her for å finne ei betre løysing. Ved å stramme opp kryssa og flytte gangfeltet noko lengre frå E39 kan vere ei løysing. Det kan gjerast enkle tiltak her utan reguleringsplan. Flytting av gangfelt må evt handsamast etter skiltforskrifta. Tiltaket kan kanskje finansierast gjennom trafikktryggingmidlar og kanskje gjerast samstundes med at undergangen vert etablert i tiltak 13 i FP.

Tiltaka i Førdepakken



Tiltak 1 - Angedalsvegen–Hafstadvegen (Hafstad bydel). Bygging av ny bru som har køyreveg, sykkelveg på oppsida og fortau på begge sider
Tiltak 2 - Fv. 600 Vievegen, gang- og sykkelveg på vestsida av vegen.
Tiltak 3 og 4 - E39 Hafstad, gang- og sykkelveg på begge sider av vegen og to kryss
Tiltak 5 - Rv. 5 Bergumkrysset, ferdig ☺
Tiltak 6 og 7 - Kryss E39-fv. 609, og fortau fv. 609 Halbrendøyra, Ferdig bygd ☺
Tiltak 8 - Naustøyna–Storehagen, gang- og sykkelbru
Tiltak 9 - Fv. 601 Storehagen–Angedalsvegen, Sykkelveg på nordsida og fortau på begge sider.
Tiltak 10 og 11 - Hafstadparken - Kronborgvegen, gang- og sykkelveg ferdig bygd ☺
Tiltak 12 - Indre Øyrane–Langebruvegen, ny veg med sykkelveg på oppsida og fortau på begge sider.
Tiltak 13 - E39 Halbrend skule–Hogane, gang- og sykkelveg med undergang under E39
Tiltak 14 - E39 Fjellvegen, ny løysing med sykkelveg og fortau gjennom Hafstadvegen. Stort torg frå Fokusgårde til og med «Spenst». Endring av begge kryssa mellom E39 og Hafstadvegen.
Tiltak 15 og 19 - Fv. 601 Angedalsvegen, ny køyreveg, sykkelveg og fortau på oppsida av vegen.
Tiltak 16 Rv. 5 Naustdalsvegen–fv. 601 Angedalsvegen, gang- og sykkelsamband ferdig bygd ☺
Tiltak 17 - Rv. 5 Kletten, separat gang- og sykkel tunnel
Tiltak 18 Kyrkjevegen, køyreveg og fortau frå Angedalsvegen og til Hornnesvegen
Tiltak 20 - Halbrendøyra–Øyrane Ny køyreveg med sykkelveg og fortau. Bru frå Ytre Øyrane til Halbrendøyra.